



Karsten André Haugland var svært fornøgd med klatrekurset sist sommar.

**Ulvanåso og Uskedalsfjella vert meir og meir populære blant klatrarar. Derfor var nok det sikre kort då DNT Fjellsport Bergen sette opp programmet for den komande utandørssesongen. Det inneheld både helgesamling for klatre- og fjellsportsfolk, og vekekurs i klatring i Uskedalen.**

Også sist sommar var det liknande kurs i Eikedalen og i Ulvanåso. Deltakarane hadde god spreing i alder, og blant ungdommane var uskedelingen Karsten André Haugland. Han vart verkeleg biten av klatrebasillen, og uttalte seg svært positivt om utfordringa av fjellveggen etterpå. Det ryktest også at det var andre i same aldersgruppa som kunne tenkt seg denne utfordringa. No får dei muligheten! Frå 4.juli vert det eit veker klatrekurs med base i Uskedalen. Meir informasjon om dette finn ein på [DNT Fjellsport Bergen sine sider her](#).

Korleis Karsten André opplevde kurset sist sommar kan de lesa i dei to artiklane [her](#) og [her](#).

Frå 17. - 19.juni vert det klatre- og fjellsportsamling i Uskedalen. Dette er ei samling både for dei som vil klatra, og for dei som berre vil utforska dei fine fjellområda til fots. Meir om [samlinga kan de lesa her](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Stig Anton Hordvik.